

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



Møtedato: 1 – 3. desember 2008 (i samband med fjellregionkonferansen)
Stad: Lillehammer, Lillehammer hotell

**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte frå Regionrådet:

Erik Kaupang,	Hol kommune (sak 73 – 76)
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune (sak 73 – 76)
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

SAK 69/08 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 31.10.2008

Vedtak

Møteprotokoll 31.10.2008 vart vedteke.

SAK 70/08 SØKNAD OM STØTTE TIL OPPSETTING AV ”DEN GLADE ENKE”, NESBYEN HORNMUSIKKLAG

Vedtak:

Regionrådet for Hallingdal rår til at det ikkje blir løyvd midlar til Nesbyen Hornmusikklag for oppsetting av ”Den glade enke”.

SAK 71/08 SØKNAD OM STØTTE TIL PROSJEKT AUDIOGUIDING, NESBYEN TURIST- OG NÆRINGSSERVICE OG HALLINGDAL MUSEUM

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til det blir løyvd tilskot på inntil 50% av kostnadane, innafor ei tilskotsramme på kr. 105.000, til utvikling av audioguiding, med Nesbyen som pilot.
2. Nesbyen turist- og næringservice AS som prosjektansvarleg skal gjennomføre prosjektet i samarbeid med Hallingdal Museum.
3. Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2008.
4. Dei erfaringar og kunnskap som blir tilegna gjennom prosjektet skal vera fritt tilgjengeleg for dei andre kommunane i Hallingdal og Buskerud fylkeskommune.

SAK 72/08 SØKNAD OM STØTTE TIL TV-INNSPELING, "PERFECT DAY I HALLINGDAL"

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 200.000 til innspelinga av Perfect day i Hallingdal.
2. Føresetnadane for løyving er gjennomføring i forhold til framdriftsplan/handlingsplan, og at det ikkje er vesentlege endringar i føresetnader.
3. Regionrådet for Hallingdal forventar at TV-produksjonen blir god reklame for heile Hallingdal.
4. Tilskotet blir finansiert av regionalt næringsfond.

SAK 73/08 STRATEGISK PLAN, REVIDERT FORSLAG TIL HANDLINGSPLAN

Med bakgrunn i Hallingtinget si sak 07-08 handlingsprogram Strategisk plan, har Regionrådet i sak 58/08 og sak 65/08 drøfta prioriteringar i forhold til Strategisk plan, med vekt på 2009. Regionrådet heldt fram med drøftingane, som dagleg leiar samanfatar til eit samla forslag til neste møte.

SAK 74/08 UTTALE TIL KONSEPTVALUTGREIING (KVU) FOR RINGERIKSBANEN.

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal slutter seg til hovedkonklusjonene i utredningen, der det blir bekreftet at det er behov for både Ringeriksbanen og 4 felts E 16 fra Sandvika til Hønefoss. Konseptvalgutredningen bekrefter fylkestinget og kommunene/regionrådene sine tidligere innspill til Nasjonal Transportplan, om at det er behov for både Ringeriksbanen og for 4 felts E 16. Disse prosjektene dekker til dels forskjellige transportbehov, og gir totalt sett gode løsninger både på lokale, regionale og lange reiser.
2. Regionrådet for Hallingdal støtter konklusjonene om at Ringeriksbanen må byggast etter konsept E. Dette konseptet vil gi Ringerike en rask togforbindelse til Oslo og korte ned reisa på Bergensbanen med ca. 60 km. Dette vil gi vesentlig kortere reisetid og føre mange nye reisende til jernbanen både i fjern- og lokaltrafikken. Ringeriksbanen bygd etter konsept E kan også inngå som en del av en eventuell fremtidig høyfartssatsing.
3. Ringeriksbanen og 4-felts E 16 er svært viktige for å oppnå en positiv regional utvikling i Ringeriksregionen og Hallingdal. I tillegg vil prosjektene bidra til økt kapasitet for næringslivets transporter og til en betydelig overføring av transport fra veg til bane. Det vises også til positive effekter av redusert reisetid mellom Norges to største byer Oslo og Bergen.
4. Det er av avgjørende betydning for alle parter at man snarest mulig kommer i gang med vidare planlegging av begge prosjektene, jf også forslaget i utredningens kap 8.6.3, pkt B og C. Det forutsettes at både Ringeriksbanen og E 16 omtales som konkrete tiltak i neste NTP-periode og prosjektene må tilføres planleggingsmidler fra 2009. For å skape god framdrift i det vidare arbeidet er Regionrådet for Hallingdal svært opptatt av at planleggingen vidare skjer uten avbrekk. Alle parter (kommuner/regionene/fylkeskommunene) ønsker å bidra til en aktiv og positiv prosess, slik at denne viktige infrastrukturen kan komme på plass i nær framtid.
5. Regionrådet for Hallingdal er enig i at det må gjørest tiltak på Gjøvikbanen (Alna –Roa) og på Roa-linja for å øke kapasiteten for godstransport slik som tenkt i konsept E.

6. Regionrådet for Hallingdal ser det også som svært viktig at planarbeidet for å utvide kapasiteten for godstransporten blir gjort parallelt med planleggingen av Ringeriksbanen, og forutsetter at det blir satt av nødvendige planleggingsmidler i 2009.
7. Interessentene langs hele Bergensbanen kan ikke lenger leve med usikkerheten om når Ringeriksbanen blir bygd. Dette er et hinder for å gjøre rett valg, investeringer og andre vedtak både for kommuner, fylkeskommuner, næringsliv og privatpersoner.

SAK 75/08 TILTAK FOR "KOMMUNAR MED NEDGANG I FOLKETALET"

Kay Bjerke frå Buskerud fylkeskommune orienterte om prosjekt "Kommunar med nedgang i folketalet" som eige tiltak i Regional planstrategi for Buskerud. Kommunane i Hallingdal, Numedal og Midtfylke er planlagt at skal vera med i arbeidet som er tenkt at skal resultere i ein interkommunal plan.

Føremålet er m.a:

- Kva prosessar fører til negativ folketalsutvikling i desse kommunane? Utviklingstrekk og utfordringar. Erfaringsutveksling nasjonalt og internasjonalt.
- Tiltak for å bøte på negativ folketalsutvikling innanfor områda; næringsutvikling, arbeidskraft og kompetanse, barn og unge, småsamfunnsutvikling, stadsutvikling, kultur, kulturlandskap og utmark, omdømme og marknadsføring med fokus på vekst moglegheitene.

Fylkeskommunen vil invitere alle kommunane til felles oppstartsmøte i januar 2009.

SAK 76/08 BREV TIL HALLINGDAL SJUKESTUGU VEDR. TILBOD TIL FØDANDE

Ordførarane i Hallingdal har mottatt kopi av brev frå jordmødrene i Hallingdal til leiinga ved Hallingdal Sjukestugu datert 12.nov. Det går fram av brevet at leiinga ved HSS har bestemt at **barselrommet** ved HSS vil bli tatt i bruk til andre formål enn til kvinner som nettopp har født. Det er og bestemt at det vil bli vanskelegare å få liggje nokre døgn på HSS etter fødsel ved RS. Dei som føder ved HSS skal liggje på eit ordinært pasientrom istadenfor å bruke barselrommet som er innreidd for formålet.

Avgjersla kan medføre ei ny nedprioritering av tilbudet til fødande kvinner i Hallingdal. Regionrådet synest leiinga ved HSS her tek lite omsyn til interessene til dei fødande i Hallingdal og trur ikkje at denne politikken er framtidsretta og i pakt med Hallingdal sine interesser. Ein veit og at eit liggedøgn ved RS er mykje dyrare enn eit liggedøgn ved HSS. Regionrådet for Hallingdal set difor spørsmålsteikn ved om dette er fornuftig bruk av avgrensa økonomiske ressursar.

Regionrådet beklagar at leiinga ved HSS gjer dette utan å diskutere saka med jordmødrene i Hallingdal og med Samarbeidsutvalet mellom RS og kommunehelsetenesta. Samhandling mellom sjukehusa og kommunehelsetenesta er det store prosjektet i helsetenesta i dag. Då er det viktig at beslutningar ikkje blir gjort før dei er diskuterte i felles fora. Samhandling og dialog skapar tillit og gjev grunnlag for endå betre samarbeid framover og dermed også meir helse for pengane.

Regionrådet for Hallingdal ber difor leiinga ved HSS stoppe opp litt og ta saka opp på fyrste møte i samarbeidsutvalet, for så å fatte vedtak etter at alle berørte partar har fått kome med sine synspunkt.

Regionrådet skjønner at leinga ved HSS er i ein "skvis" ved at blant anna dialyseininga har stor pågang av pasientar og treng meir areal for å fungere optimalt. Det er synd om nye og gode tilbod skal fortrenge eksisterande, men framleis gode og nødvendige tilbod ved Hallingdal Sjukestugu. Over fleire år har ein sett at det er bra både for brukarane og for driftsøkonomien å legge fleire tilbod til HSS. Me er glad for eit godt og variert tilbod til hallingane ved HSS.

Bygningsmassen ved Hallingdal Sjukestugu er i stort monn over 30 år gamal. Kapasiteten og kanskje også standarden på bygningane ved HSS står etter kvart ikkje i forhold til dagens og spesielt framtidens krav.

Regionrådet inviterer leinga ved HSS/Ringerike Sykehus i saman med Samarbeidsutvalet å vurdere korleis HSS kan sjå ut framover for å tene innbyggjarar og turistar i Hallingdal i framtida. Me er viss på at både Ål kommune som vertskommune, Regionrådet for Hallingdal og Samarbeidsutvalet helsar ei slik framtidsvurdering velkomen.

Lillehammer 2.12.2008

Knut Arne Gurigard
Regionrådet for Hallingdal
Dagleg leiar